



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1404-6

18. oktober 2019

NTP 2022-2033 - Møte med næringsliv og interesseorganisasjoner

Samferdselsdepartementet er i arbeid med neste Nasjonale transportplan – NTP 2022-2033. Som eg varsla i brev den 7. august i år, ynskjer eg å halde fleire møte med næringsliv og interesseorganisasjonar for å få dykkar verdifulle innspel til neste NTP.

Som eg nevnde i mitt førre brev, var arbeidet med det faglege grunnlaget for NTP tidligare organisert gjennom ei styringsgruppe og eit programstyre i transportetatane. No har eg henta leiinga av arbeidet inn i departementet. I tillegg til ein god fagleg prosess ynskjer eg ein tidlegare involvering av politisk nivå hos fylkeskommunane, dei største bykommunane og av næringslivet og interesseorganisasjonar.

Eg har gleda av å kunne invitere dykk – representantar for næringsliv og interesseorganisasjonar – til det fyrste, nasjonale møtet. Vi treffast på Oslo Kongressenter på Youngstorget den 5. november i år. Under følger programmet. Eg ber om at dykk forbereder dykk spesielt på dei temaene som er nevnd i programmet. Eg ynskjer å halde diskusjonen på eit overordna, strategisk nivå, og ikkje gå inn i diskusjon om enkeltprosjekt. Hovudføremålet med møtet er å få høyre frå næringslivet og interesseorganisasjonane korleis Noreg skal auke konkurransekrafta og nå dei andre målene i samferdselspolitikken. Eg vil gjerne høyre kva dykk meiner vil vera transportbehova våre i framtida, og kva som blir dei største utfordringane.

Program

- 09:00 – 09:05** **Praktisk informasjon - Jan Fredrik Lund, prosjektleiar**
Praktisk informasjon, tryggleiksopplysningar mm.
- 09:05 – 09:20** **Velkomen - Jon Georg Dale, statsråd**
Innleiing: kort om dei store reformene og korleis SD arbeider
annleis med NTP, prosessen så langt og vidare framover.
- 09:20 – 10:00** **Korleis arbeider næringslivet og
organisasjonane med NTP?**
Nokre inviterte deltakarar presenterer kort korleis dei arbeider
med neste NTP. Kva er annleis frå tidlegare?
- 10:00 – 12:30** **Diskusjon - leia av Jon Georg Dale, statsråd**
Korte forberedte innlegg frå deltakarane på desse tema:
○ Næringslivets utfordringar. Korleis oppnå verdiskaping
○ Klima/miljø
 Kort pause med enkel servering kl. 11:15 – 11:30
○ Transporttryggleik
○ Ny teknologi i transportsektoren
○ Korleis oppnå "Meir for pengane" i neste NTP?
- 12:30 – 13:00** **Oppsummering - Jon Georg Dale, statsråd**

Eg ber om at de melder dykk på ved å sende e-post til kontorstotte@sd.dep.no innan den 1.11.2019 merkt "NTP-møte 5.11.2019" med namn, organisasjon og kontaktinformasjon. Departementet reserverar seg retten til å avvise påmeldingar når det ikkje er fleire ledige plassar i møtelokalet. Eg ber også om at de skriv i same påmeldinga om dykk ynskjer å halda innlegg og på kva slags tema, slik at vi kan disponere tida i møtet rett mellom deltakarane. Departementet vil melde tilbake kor lang tid den enkelte kan få til sine innlegg. Det blir ikkje anledning til å vise fram presentasjonar.

Vel møtt!

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Adresseliste

Abelia
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Bellona
Byggenæringens Landsforening
Drivkraft Norge
Energi Norge
Entreprenørforeningen bygg og anlegg
Finans Norge
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Hovedorganisasjonen Virke
Hovedorganisasjonen Virke
Hurtigbåtenes Rederiforbund
IKT Norge
ITS Norge
Kollektivtrafikkforeningen
Kongelig Norsk Automobilklub
Kystrederiene
Landsorganisasjonen i Norge
MA - Rusfri trafikk
Maritimt Forum
Maskinentreprenørenes Forbund
NAF
Natur og Ungdom
Naturvernforbundet
NHO Logistikk og Transport
NHO Luftfart
NHO Reiseliv
NHO Sjøfart
NHO Transport
Norges Bilbransjeforbund
Norges Blindeforbund
Norges Fiskarlag
Norges Handikapforbund
Norges Lastebileier-Forbund
Norges Luftsportforbund
Norges Miljøvernforbund
Norges Motorsportforbund
Norges Rederiforbund
Norges Skogeierforbund
Norges Taxiforbund
Norsk elbilforening
Norsk forening mot støy

Norsk Industri
Norsk Industri
Norsk Jernbaneforbund
Norsk lokomotivmannsforbund
Norsk Losforbund
Norsk Transportarbeiderforbund
Norske Havner
Næringslivets Hovedorganisasjon
Opplysningsrådet for Veitrafikken
Sjømat Norge
SMB Norge
Syklistenes landsforening
Trygg Trafikk
Verdens Naturfond. WWF Norge
Virke reise Norge
Zero Emission Resource Organisation